



## MØTEINNKALLING LEVEKÅRSUTVALET

**Møtedato:** 20.09.2022  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 12:30 - 14:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost [solvi.legard@vaksdal.kommune.no](mailto:solvi.legard@vaksdal.kommune.no)

### Orienteringar frå kommunedirektør:

- Orientering om tverrfagleg førebyggjande plan v/ einingsleiar Jill Bru Johansen
- Orientering om bruk av teknologi på sjukeheimen på Vaksdal v/avdelingsleiar Anne Kari Helle
- Orientering om erfaringar med Ung i helse sommaren 2022 v/avdelingsleiar Anne Kari Helle
- Orientering om arbeid med trygt og godt barnehage- og skulemiljø
- Status sak om skulemåltid
- Fast orientering om status for koronapandemi

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
14/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
15/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
16/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
17/2022	VURDERING AV PRISORDNING FOR SYMJEHALLEN PÅ DALE SKULE

12. september 2022

Ivar Rødland Bergo  
Leiar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
14/2022	Levekårsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	22/1097

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
15/2022	Levekårsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	22/1097

### GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

**Vedlegg:**

Protokoll - Levekårsutvalet - 24.05.2022

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL LEVEKÅRSUTVALET

**Møtedato:** 24.05.2022  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 12:30 - 14:30

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ivar Rødland Bergo	SP	Utvalseiar
Line Kydland	SV	Nestleiar
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Trygve Jakobsen	FRP	

Vegstenging førte til at leiar Ivar Bergo vart forseinka. Møtet vart leia av nestleiar Line Kydland i første del av møtet.

Feil under varsling av forfall frå Trygve Jakobsen førte til at forfallet ikkje var kjent før møtestart og ein fekk ikkje kalla inn varamedlem.

---

### Andre møtande:

Kommunalsjef oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad,  
Kommunalsjef helse og meistring Solrun Hauglum  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

---

## Saksliste

<b>SAKSNR</b>	<b>TITTEL</b>
<b>08/2022</b>	<b>GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE</b>
<b>09/2022</b>	<b>GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL</b>
<b>10/2022</b>	<b>REFERATSAKER OG MELDINGAR</b>



## Vaksdal kommune

- 11/2022 TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN OG BARNEHAGEN I VAKSDAL 2022
- 12/2022 DRØFTINGSSAK - GRATIS SKULEMÅLTID I SKULANE I VAKSDAL
- 13/2022 FOLKEHELSE- OG OPPVEKSTPROFIL VAKSDAL 2022



**08/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Levekårsutvalet 24.05.2022**

**Behandling:**

Samrøystes godkjent

**LEV - sak 08/2022 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**09/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Levekårsutvalet 24.05.2022**

**Behandling:**

Samrøystes godkjent.

**LEV - sak 09/2022 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**10/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

**Levekårsutvalet 24.05.2022**



**Behandling:**

Referatsaker vart samrøystes teke til orientering.

**LEV - sak 10/2022 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**11/2022: TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN OG BARNEHAGEN I VAKSDAL 2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Levekårsutvalet tek Tilstandsrapport for grunnskulen og barnehagen i Vaksdal 2022 til orientering.

**Levekårsutvalet 24.05.2022**

**Behandling:**

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad orienterte om tilstandsrapporten. Teamleiar ved Stamnes oppvekststun Agnetha Brekklus orienterte om Leseplan for 1. – 7. trinn i Vaksdal kommune.

Tilstandsrapporten vart samrøystes teke til orientering.

**LEV - sak 11/2022 Vedtak/Tilråding:**

Levekårsutvalet tek Tilstandsrapport for grunnskulen og barnehagen i Vaksdal 2022 til orientering.

---

**12/2022: DRØFTINGSSAK - GRATIS SKULEMÅLTID I SKULANE I VAKSDAL**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Levekårsutvalet gjev følgjande innspel til saksutgreiing om dagleg gratis skulemåltid:

**Levekårsutvalet 24.05.2022**

**Behandling:**

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad innleia til drøftingssaka.

Utvalet drøfta saka og la fram følgjande forslag til vedtak:

Levekårsutvalet gjev følgjande innspel til saksutgreiing om dagleg gratis skulemåltid:

Kaldmat/smøremåltid  
Mulig frukt



## Vaksdal kommune

8-10 årssteg

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

### **LEV - sak 12/2022 Vedtak/Tilråding:**

Levekårsutvalet gjev følgjande innspel til saksutgreiing om dagleg gratis skulemåltid:

Kaldmat/smøremåltid

Mulig frukt

8-10 årssteg

---

### **13/2022: FOLKEHELSE- OG OPPVEKSTPROFIL VAKSDAL 2022**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

#### **Levekårsutvalet 24.05.2022**

#### **Behandling:**

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad og kommunalsjef for helse og meistring Solrun Hauglum svarte på spørsmål.

Saka vart samrøystes teke til orientering.

### **LEV - sak 13/2022 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert teken til orientering.

---





**Vaksdal kommune**

**ORIENTERINGAR**

Kommunalsjef for helse og meistring Solrun Hauglum orienterte om velferdsteknologi og helse og omsorgsbygget på Vaksdal.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
16/2022	Levekårsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	22/1097

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
16/2022.1	Rapportar og opptak frå lanseringswebinaret til Folkehelseundersøkinga

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

---

**Fra:** Vestland fylkeskommune <[noreply@pameldingssystem.no](mailto:noreply@pameldingssystem.no)>

**Sendt:** fredag 2. september 2022 13:20

**Til:** Solrun Hauglum <[Solrun.Hauglum@vaksdal.kommune.no](mailto:Solrun.Hauglum@vaksdal.kommune.no)>

**Emne:** Rapportar og opptak frå lanseringswebinaret til Folkehelseundersøkinga



# Vestland fylkeskommune

## Rapportar og opptak frå lanseringswebinaret til Folkehelseundersøkinga

Takk til alle som deltok på lanseringswebinaret i går!

Hovudrapport og rapport med kommunetabellar ligg ute på nettsidene til fylkeskommunen [HER](#). Her ligg også opptak av webinaret.

Ta kontakt med [turid.skrede@vlfk.no](mailto:turid.skrede@vlfk.no) dersom de har spørsmål

Påmeldingssystemet er levert av Pindena AS



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2022	Levekårsutvalet	PS	20.09.2022
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FE-223, FA-A14	20/1660

### VURDERING AV PRISORDNING FOR SYMJEHALLEN PÅ DALE SKULE

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Kostandsnivået for billettpris i symjehallen vert vidareført som no i 2023.
- Det vert frå 2023 innført ei ordning der vaksne over 18 år, studentar og honnør kan få tilbod om å kjøpe klippekort som gjev ein redusert billettpris.
- Symjehallen skal ha bemanning/ansvarlege som har gjennomført livredningskurs når den er i bruk

#### Saksopplysningar:

##### Kort om saka

I saka vert det orientert om status /erfaringar, tal besøkjande i bassenget, kostnadar og problemstillingar som er kome fram, dei første månadane bassenget ved Dale skule har vore i drift. Vidare vert kostnadsnivå, årskort/halvårskort og ubemanna tilgang til symjehallen utanfor normale opningstider skildra og vurdert.

##### Heimel

Kommunestyret i Vaksdal vedtok i møte 15.12.2020, sak 93/2020 følgjande:

«Rådmannen skal i løpet av våren 2021 leggje fram ei evaluering av ordninga, der følgjande punkt skal vurderast:

- Kostnadsnivå
- Årskort/halvårskort
- Ubemanna tilgang symjehallen utanfor normale opningstider, t.d. etter modell frå Bryggjeslottet i Modalen.»

Kommunedirektøren vil i tillegg til denne evalueringa òg orientera om status/erfaringar frå drifta dei første månadane bassenget har vore ope.

##### Bakgrunn for saka


Den nye symjehallen i Dale skule vart opna for publikum i midten av november 2021, sjølv om den stor ferdig i august 2020. Forseinka opning skuldast pandemien som sette avgrensingar for publikum. Skulane har likevel nytta bassenget periodevis under pandemien, når smittesituasjonen har vore slik at det har latt seg gjera.

### **Status og erfaringar frå drifta november 2021 – juni 2022**

#### *Oversikt besøkjande november 2021 – juni 2022*

	November	Desember	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Born under skulealder	6	8	3	18	28	10	15	2
Born 1 - 7 klasse	61	43	14	5	17	7	7	2
Honnør	6	16	8	12	22	8	26	3
Student	6	1	0	3	2	0	1	0
Ungdom	1	1	1	1	0	0	0	0
Familie	23	19	17	24	19	12	17	4
Vaksne over 18 år	56	57	32	51	64	25	34	5
Tal opne dagar	8	6	4	7	14	7	13	4

Oversikta med besøk i symjehallen viser at særleg born 1. – 7. klasse, honnør og vaksne over 18 nyttar bassenget og det er månadane november – februar som har flest besøkjande.



Gjennomsitt besøkjande pr. dag er rekna ut frå tal opne dagar i månaden. Ein familie er rekna som 3,5 personar.

Tala viser at det var flest besøkjande i symjehallen i månadane november til februar, medan tal besøkjande går nedover frå mars og ut halvåret.

#### *Kostnad for opningstid tre ettermiddagar/kveldar i veka:*

Kostandane for publikumssymjing frå januar – juni 2022 er omlag kr. 227 000. Badevertar og driftsleiar har ein kostnad på om lag kr. 262 000,- medan inntektene er i underkant av kr. 35 000,-. Årskostnaden for 2022 er forventa å verta om lag kr. 380 000,-

#### *Problemstillingar som er kome opp dei første driftsmånadane*

I det store og heile har drifta av symjehallen vore god, med det har krevst ein del arbeid med gode rutinar og koordinering ved oppstart. Ein har òg motteke innspel frå brukarar av symjehallen som er freista finna løysingar på i den vidare drifta. Dette gjeld blant anna fasilitetar, bruk av basseng i helg, utleige til lag og organisasjonar og temperatur i vatn.

#### Fasilitetar

Tilbakemeldingar frå publikum og andre brukarar er at garderobane er små, det er få sitjeplassar, benkane er for låge for enkelte brukargrupper og det er lite oppheng. Nokre meiner òg det er for få dusjar, og at ein bør få på plass ei form for skjerming av nokre av dusjane. For å betra fasilitetane har driftsleiar sett inn ekstra benkar. Det er òg bestilt utstyr under pandemien som ikkje er kome

fram.

Det er òg meldt inn manglande skjerming mot innsyn i bassenget frå utsida både frå publikum og frå skuleelevar Her har det vore diskutert foliering eller ein form for blendingsgardiner, men det er ikkje funne ei god løysing enno.

Det er fleire kommunale brukargrupper som skule, fysioterapeutene og folkebadet som alle melder om variert behov for utstyr, men i budsjett 2022 er det ikkje sett av midlar til dette. Det må vurderast om utstyr til bassenget skal leggjast inn budsjett 2023.

#### Bruk av basseng i helg

Det er to årsaker til at bassenget ikkje kan nyttas i helg. Den eine er pålegg om at det må takast prøvar av vatnet kvar dag før bruk slik at ein er sikker på at grenseverdiane er innanfor som er fastsatt. Det er eit avgrensa tal tilsette som kan utføra oppgåva og dei har ikkje arbeidstid i helgene. Den andre årsaka er òg knytt til naudsynt personell som ikkje jobbar i helgene. Dette gjeld reinhald og andre funksjonar som driftsleiar. Det er mogleg å unntaksvis ha ope på helg, men det vil vera særskild kostnadsnevjande og må gjerast med langsiktig planlegging av arbeidstid for dei tilsette. Om ei ordning med høve til å leige symjehallen i helg må det reknast på kva dette vil koste og ein bør setja ein leigesats som dekkar utgiftene.

#### Utleige til lag og organisasjonar

Det har vore mogleg for lag og organisasjonar, primært innan idretten i Vaksdal kommune, å få tid i bassenget. I første halvår har Dale IL, Vaksdal IL og Stamnes IL nytta seg av moglegheta. Det har vore sett krav til livredningskurs for dei som ansvar i bassenget. Alle idrettslaga har fått tilbod om gratis livredningskurs frå kommunen via Vaksdal idrettsråd, og 11 deltakarar melde seg på kurs i oktober 2021.

Vaksdal kommune sine satser for brukarbetaling har ikkje fastsett nokon pris for leige av bassenget, og ein har difor gjort symjehallen tilgjengeleg for lokale idrettslag utan kostnad så lenge aktivitetane har vore for born og unge. Dette etter kommunestyret sitt vedtak om gratis leige av kommunale bygg til aktivitet for barn og unge, og betalingsatsane for Folkebadet.

Idrettslaga har meldt om auka behov for tilgang i bassenget og frå august 2022 har dei fått to vekedagar med tid i bassenget, tysdag og torsdag, medan det er ope for anna publikum måndag, onsdag og fredag.

Bruk av symjehallen hausten 2022:

	0830 - 1400	1400 - 1600	1700 - 2030
Måndag	Skulane	Helse/fysio	Folkebad
Tysdag	Skulane	Helse/fysio	Idrettslag*
Onsdag	Skulane	Helse/fysio	Folkebad
Torsdag	Skulane		Idrettslag*
Fredag	Skulane		Folkebad

\*Idrettslaga kan nytte bassenget til kl. 2100.

For eksterne leigetakerar utanfor kommunen bør det verta fastsett ein pris for leige. Bassenget er ein avgrensa ressurs som primært bør rettast mot kommunen sine innbyggjarar, lag og organisasjonar og kommunale tenester for å ta igjen etterslep av symjeopplæring etter to år utan tilgang på basseng.

#### Auka temperatur i vatnet

Idrettslag og fysioterapeutane har hatt ynskje om auka temperatur i vatnet. Det nye bassenget har

ein jamn og høg temperatur på om lag 29 grader ved normaldrift, medan det er mogleg å auka temperaturen til omlag 32,5 grader. For å imøtekomme brukarane sitt ynskje er temperaturen auka til 32 grader måndagar og tysdagar. Dette er tilpassa vedlikehaldssyklusen til bassenget.

### **Kostnadsnivå, årskort/halvårskort og ubemanna tilgang til symjehall utanfor normale opningstider**

Oversikt prisar i tilfeldig valde symjehallar i fylket:

	Barn	Vaksen	Student/ honnør	Årskort barn	Årskort vaksen	Årskort stud/hon	Halvår barn	Halvår vaksen	Familie (2+2)
Bømlo	45	75	55	1110	2520	1630			220
Modalen	50	100	50	1380	1380	1380	790	790	
Alver	50	100		Klippekort	Klippekort				
Voss	85	125	95	2600	4600	3100			340
Vaksdal	Gratis/30	80	50						120

#### **Kostnadsnivå**

Kommunane i oversikta over har ulike prisordningar, men alle har pris pr. barn og vaksen og fleire har eigen pris på honnør/student og familie. For barn variera prisen i andre kommunar frå kr. 45 – kr. 85, medan variasjonen for vaksne er kr. 75 – kr. 125. Kostnaden for honnør/student variera frå kr. 55 – kr. 95, og for familiar frå kr. 220 – kr. 340.

#### **Årskort/halvårskort**

Dei fleste symjehallar vi har samalikna med har ei ordning med årskort/halvårskort eller klippekort. Prisen for årskort for vaksne variera frå kr. 1380 – kr. 4600 og for barn kr. 1110 – kr. 2600. Den store variasjonen heng truleg saman med kor mange dagar symjehallen er open i løpet av veka. Ein av kommunane har klippekort i staden for årskort.

#### **Ubemanna tilgang til symjehall utanfor normale opningstider**

Sikkerheit i symjebasseng er regulert i Forskrift for badeanlegg, basseng og badstu m.v. i § 9.

Opplæring og oppsikt med personsikkerhet. Den seier:

*«Den som eier eller driver badeanlegg plikter å påse at både personellet som holder oppsikt med personsikkerheten i anlegget og personellet som gjennomfører den praktiske drift av sirkulasjonssystemet, er gitt tilfredsstillende opplæring.*

*Det skal være driftsrutiner for tilfredsstillende oppsikt med personsikkerheten i badeanlegget.»*

Slik forskrifta er formulert vil det vera opp til den enkelte eigar av badeanlegg kva ein meiner er «tilfredsstillande oppsikt med personsikkerheten» og «tilfredsstillande opplæring» Med få unntak har badeanlegg og symjehallar ei form for badevertar med opplæring som skal ivareta personsikkerheita. Ved utleige til private/lag og organisasjonar står det oftast i retningslinjene at leigetakar er ansvarleg for personsikkerheita i bassenget.

I Vaksdal har alle badevertar som er tilsett i kommunen fått opplæring i livredning i basseng. Lokale lag og organisasjonar som har ynskt å nytte symjehallen har òg fått tilbod om same opplæringa.

#### **Vurdering**

##### **Kostnadsnivå**

Samanlikna med andre kommunar er kostnadsnivået for publikum i bassenget lågt. Barn og deira familiar er særleg prioritert i Vaksdal med låge inngangsprisar. Dette er i tråd med kommunestyret

sitt vedtak om gratis bruk av kommunale bygg for barne- og ungdomsaktivitetar. Kommunedirektøren vurderer at ein skal halde kostnadsnivået for brukarane på nivået det er i 2022. Dette for å gje høve for mange til å nytte bassenget, som igjen kan bidra til betre folkehelse for innbyggjarane i kommunen.

#### *Årskort/halvårskort*

I oversikta med tal besøkjande i bassenget dei første månadane ser ein at særleg vaksne over 18 år og honnør er aktive brukarar. Om ein skal innføra ei ordning med redusert betaling ved hyppig bruk er det denne gruppa, og studentane, som er mest aktuell. Så lenge det er gratis for born i skulealder å nytte bassenget vil det ikkje vera behov for ei slik ordning for denne gruppa eller familiar. Dei vaksne i familien vil ha høve å nytte ordning med redusert betaling som andre vaksne/honnør/student.

Eit alternativ til årskort/halvårskort for redusert billettpris ved hyppig bruk er klippekort. Erfaringar frå første halvår med drift av bassenget er at det er flest besøkjande i vinterhalvåret. Dette saman med at det har vore behov for stenging enkeltdagar/-veker pga vedlikehald og liknande gjer at kommunedirektøren vurderer klippekort som ei meir føremålstenleg og fleksibel ordning for brukarar som nyttar bassenget ofte.

Kommunedirektøren vurderer at det bør leggjast til rette for at vaksne over 18, studentar og honnør kan få tilbod om å kjøpe klippekort som gjev ein redusert billettpris.

#### *Ubemann tilgang til symjehall utanfor normale opningstider*

Vaksdal kommune er eigar av symjebassenget på Dale skule og må difor halde seg til Forskrift for badeanlegg, basseng og badstu m.v. Slik forskrifta er formulert kring personsikkerheit vil det vera opp til kommunen kva ein meiner er «tilfredstillande oppsikt med personsikkerheten» og «tilfredstillande opplæring».

Kommunedirektøren vurderer det ikkje som tilfredstillande oppsikt med persontryggleiken om bassenget skal vera tilgjengeleg for besøkjande utan bemanning med tilfredstillande opplæring. Kommunedirektøren vurderer at det må vera krav til opplæring med livredningskurs for dei som har oppsikt med persontryggleiken i bassenget.

Kommunedirektøren tilrår ikkje å la besøkjande ha ubemann tilgang til symjehallen utanfor normale opningstider.